

Årsmelding frå Regionstyret i NMS region Stavanger for 2020



Region
Stavanger

Regionstyret har bestått av:

Bodil Sande Turøy, leder (JR), Njål Omland (vara, JR)
Guri Haarr Moe, nestleder (SS), Leif Hadland (vara, SS),
Anne Turid Skeie, sekretær (H), Sigrun Eilerås (vara, H)
Tor Harald Kristiansen (DF), Kjell Erfjord (vara, DF)
Janne Fagerland Sjursen (NMSU), Marta Dale (regionkontakt)

Arbeid i Regionstyret

Dette året blei sterkt prega av covid-19. Alle områdeårsmøte blei utsett til hausten og regionårsmøtet blei avlyst, og dei fleste tilsette var permittert i april, mai og juni. Regionstyret har hatt 4 møter gjennom året, der 2 var med fysisk oppmøte på HA og 2 videomøter via Facebook Messenger. Me hadde eitt møte saman med alle OU-lederane i oktober.

Ledar i RS har deltatt på samling for regionstyrelederar + representant for områdeutvalga i nord fire gonger i løpet av 2020.

Dette er møte som hjelper oss til å halde kontakt med leiing/administrasjon. Desse var Teamsmøte.

Bjarte Thorsen sender ut e-post til alle regionstyrelederar ein gong i månaden for å få ut informasjon om kva som skjer i NMS.

Guri Haarr Moe er RS sin representant i NMSU regionråd. Janne Fagerland Sjursen representerer NMSU regionråd i RS sine møter.

Bodil Sande Turøy var hausten 2020 med i ei styringsgruppe for oppfølging av SIK-rapporten som ein av to representantar frå regionstyra. Tor Harald Kristiansen var med i ei av undergruppene.

Ny områdeinndeling

Me oppretta ei sak om sjå på ny inndeling av områda i regionen, med bakgrunn i kommunesamanslåingar og nye kommunikasjonsmønster. Saka har vore på høyring i alle områda. Det er ikkje lett å trekke ein endeleg konklusjon. Skal ein gå ut frå kommunegrenser, prostigrenser, nedslagsfelt for leirstadar? Kor store bør områda vere? Det er S/S og J/R som er mest berørt, og dei vil bruke meir tid på å finne ei god løysing til beste for NMS-arbeidet.

Arbeidet i Regionen

Regionårsmøtet var planlagt på Haugalandet, men blei avlyst pga covid-19 restriksjonar

Leirstadane

Himmel & Hav

Himmel & Hav er heilårs-utleigd til Ungdom i oppdrag frå 1.1.2019 til 31.12.2021. NMS og NMSU kan leige Himmel & Hav, men må då skaffe kjøkkenpersonale sjølv. NMSU gjennomførte 2 leirar i løpet av året. NMS hadde ingen arrangement her i 2020.

Furutangen

Driftsleder for Furutangen har vore i permisjon mesteparten av året. Nadiya Øie-Fenchak er tilsett som kjøkkenansvarleg og er hovudkontakt for leirstaden. NMSU har gjennomført 1 leir i løpet av året. Båt & Bibel kunne ikkje gjennomføre vanleg program, men erstatta det med ein Familiedag med 100 deltakerar.

Utleigesatsing er sommarhotell, båthavn og kafédrift. Korona sette ein stopp for planlagt kaféaktivitet og bestillingar frå turbuss-gjester. Nå er det større satsing på bruk av uteområde som ei løysing ved å gjera plassen meir interessant for folk der det blir skapt gode opplevingar og minner for store og små.

Fjelltun

Fjelltun er fortsatt sentrum for mye NMS-aktivitet i området Dalane og Flekkefjord. Mye program og leiraktivitet var planlagt, men avlyste. Likevel ble det gjennomførte fleire leir inkludert Tenleir og Knøtteleir. Det møtt opp folk til dugnad som vanlig. To lotterier ble gjennomførte via digitale løysninger.

Gjenbruk

Det er 12 butikkar i Region Stavanger;

Bryne, Egersund, Flekkefjord, Haugesund, Hå, Randaberg, Sandnes, Sola, Stavanger, Nygata i Stavanger sentrum, Tau og Ålgård. Butikkane har vore stengt i korte eller lengre periodar i løpet av året.

Gjenbruksbutikkane hadde i 2020 eit overskot på 24,8 millionar kroner på landsbasis, ein auke på 1 millionar (+2 %). I Region Stavanger var overskotet på 6,9 mill, mot 7,3 mill året før.

Regionen i tall

NMS område	Foreninger	Enkeltmedlemmer	Avtalemenigheter	Messer avholdt
Dalane og Flekkefjord	49	62	9	4
Haugalandet	71	122	16	6
Jæren og Ryfylke	93	307	19	5
Sandnes og Stavanger	38	243	22	1
TOTALT	251	734	66	16

10 foreningar la ned sitt arbeid i 2020.

Økonomi

I 2020 er det totalt samla inn kr 23 416 257,- i Region Stavanger, ein nedgang på kr 2 488 565,- frå året før.

	2019	2020	Avvik
NMS Region Stavanger	23 416 257	20 927 692	-2 488 565
Anledningsgave	339 739	68 983	-270 756
Bedriftsgaver	686 763	100 000	-586 763
DM	656 208	627 668	-28 540
Fast giver	8 174 826	8 524 536	349 710
Foreningsgave	3 455 595	2 256 245	-1 199 350
Lotteri	11 355	95 060	83 705
Menighetsavtale	1 680 595	1 757 305	76 710
Menighetsofringer	1 158 726	746 015	-412 712
Minnegave	191 199	158 002	-33 197
Misjonsmesse	3 097 520	861 737	-2 235 782
Misjonstidende - bladgiro	468 600	957 293	488 693
Misjonstidende abonnement	268 535	252 806	x
NMS enkeltmedlem	296 560	159 290	-137 270
SMS-gave	23 591	17 222	-6 369
Spleisgave	241 947	416 628	174 681
Store gaver > 500.000		500 000	500 000
Tilfeldige gaver	2 452 495	3 122 646	670 150
Webgaver	212 002	306 256	94 254
Totalsum for heile landet	72 707 099	64 853 383	- 7 853 717

Tilsette med regional tilknytning:

Roar Vik, 100 %, Misjonskonsulent for Område Haugalandet (har også ansvar for Sunnhordaland område);

Marta Dale, 100 %, regionkontakt, (er også Rådgiver for forening og fellesskap nasjonalt);

Sverre Jakobsen, 50 %, Misjonskonsulent for Område Dalane og Flekkefjord (har også ansvar for Lista og Mandal områder)

Landy Robenhariziva Bakke, 50 %, utlånt fra NMS Global som Misjonær i norgesteneste frå august 2020

Misjonærer, U-crew, Connect-Hald:

Ingen Hald-studentar eller Ucrew personell blei sendt til samarbeidsland i 2020/2021 pga covid-19. Misjonærene i nokre få land blei igjen i landet sitt, men med store begrensningar i arbeidet, og nedstengingar. Madagaskar f.eks. blei eit lukka land og misjonærene måtte forlate øya.

ENGLAND--Solgunn Philippine Smith, Kristian Tjemsland, Leah Anne Tjemsland;

JAPAN--Yukiko Yamaoka Idland

KAMERUN--Eline Rangøy, Gunnar Rangøy (avslutta si misjonærteneste februar 2020)

MADAGASKAR--Arild M. Bakke og Landy Robenhariziva Bakke (avslutta si misjonærteneste august 2020), Stine Hedeager Pedersen (måtte forlate

Madagaskar pga covid-19, mulig at ho fortset etter lette i restriksjonar),

THAILAND--Anne Storstein Haug, Prakaikaew Phochan (pendlarmisjonær), Olav Skjerpe (pendlarmisjonær), Vibecke Møller (pendlarmisjonær), Jørgen Nordhuus (pendlarmisjonær)

Foreininga Jordbruksskolenes Venner (JV)

Se JV si heimeside og Facebook. På heimesida kjem det nytt frå skulane, eller artiklar om land og folk på Madagaskar. Adressa er www.jo-ve.no

Avslutning

Det er rundt om i områda at det daglige misjonsarbeidet skjer, og RS vil sende ein stor takk til alle områdeutvalga og foreningar for alt arbeidet som er lagt ned. Det har vore og er krevande med pandemien som har følgd oss og som har utfordra oss til nye måtar å møtast på og samle inn pengar på.

Økonomien har gått utruleg bra med tanke på alle avlyste arrangement

Nå håpar me på ein «vanleg» haust der me igjen kan oppleve fellesskap gjennom foreining, møte, gudstenester, messer og basarar.